

Innstilling til styre i Kringkastingsringen 2022-2023

Leiar:

Mone Celin Skrede

Styremedlemer:

Ingjerd Lindeland (attval)

Anders Boine Verstad (vald for 2 år 2021)

Ivar Bruvik Sætre (ny)

Robin Leander Wullum (ny)

Varamedlemer:

Arne Henning Årskaug

Vegard T. Foseide

Hans-Olav Rise

Skildring av medlemmane:

Mone Celin Skrede er oppvaksen på Sunnmøre. Ho er utdanna journalist frå Volda, og har jobba i lokalavisa Vikebladet Vestposten, og ho har vore praktikant i Nynorsk avissenter. Dei siste åra har ho arbeidd i Dag og Tid, Nationen og Aftenposten. I 2021 begynte ho i fast jobb hjå Uloba, som er ein ideell organisasjon som arbeider for likestilling av funksjonshemma.

Ingjerd Lindeland er opphavleg odelsjente frå Sirdal i Vest-Agder. Ho har master frå NTNU og studerte ei blanding av engelsk, nordisk, historie og statsvitskap. Lindeland har erfaring frå ulikt organisasjons- og styrearbeid på deltid og fulltid, m.a. språkutvalet på NTNU og Redaksjonsrådet for Universitetsavisa. Har jobba som stortingsreferent sidan 2012.

Anders Boine Verstad kjem frå Karasjok. Han har samisk som morsmål saman med norsk. Til dagleg er Verstad journalist hjå NRK. Var mellom anna reporter under OL i Beijing.

Ivar Bruvik Sætre er fødd og oppvaksen i Førde i Sunnfjord. Han arbeider som journalist i avisa Firda og som lærar for praktikantane i Nynorsk Avissenter. Sætre elsker musikk, fjellturar og å skrive, og han har eit stort hjarte for nynorsken.

Robin Leander Wullum

Robin Leander Wullum er trønder, og har budd i kortare periodar i Latin-Amerika og dessutan i Førde, der dei var praktikant i det 17. kullet til Nynorsk Avissenter, som var ferdige hausten 2021. Dei har brei organisatorisk røynsle og har til dømes vore aktiv i Norsk Målungdom og politisk nestleiar i Skeiv Ungdom. No jobbar dei som journalist i Nationen.

Varaer:

Arne Henning Årskaug kjem frå Holsen i Sunnfjord og bur på Lambertseter i Oslo. Han er bibliotekar ved Drammensbiblioteket og forfattar ved Det Norske Samlaget. Kom med ny bok no i vinter.

Hans-Olav Rise kjem frå Ulsteinvik i Møre og Romsdal. Han er tilsett som frontsjef hjå Vårt Land, men skal snart til Nettavisen. Tidlegare var han vikar i innanriksredaksjonen i NRK Nyheter. Rise var nynorskpraktikant våren 2012, etterpå har han jobba i NRK Møre og

Romsdal, og han har studert journalistikk ved Høgskolen i Oslo og Akershus. Ved sida av studia har han arbeidd for NTB og NPK.

Vegard T. Foseide kjem frå Fræna i Møre og Romsdal, og han jobbar som gruppesekretær for Raudt Oslo. Han har studert nordisk, engelsk, spansk og pedagogikk i Oslo. Foseide var nynorskpraktikant 2010/2011, og fekk fast jobb som informasjonskonsulent i Changemaker etterpå. Han har òg jobba ei tid i Von kommunikasjon og i Jobbsøkerhjelpen. Foseide har vore styreleiar i Kringkastingsringen.

Valnemnd:
Eline Bjørke
Guro Kvalnes
Jørgen Lyngvær